


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. D. Bødker



Kyrjekalenderen

November

Søn. 2. kl. 11.00 - Ådland
Gudsteneste
Nattverd

Søn. 2. kl. 18.00 - Ådland
Minnesamver

Søn. 9. kl. 18.00 - Haga
Storsamling
Liturg: Johannes Tysse
Drama av konfirmantane

Tirs. 11. kl. 19.00 - Haga
Kro

Fre. 14. kl. 18.00 - Haga
Kyrkjelydsfest
Steve og Anne Bruns vert med
God mat og song og musikk

Søn. 16. kl. 11.00 - Ådland
Familiegudsteneste
Dåp

Søn. 23. kl. 11.00 - Haga
Gudsteneste
Nattverd
Søndagsskule

Fre. 28. kl. 18.00 - Haga
Salme-marathon
NRK-sendinga vert vist på
storskjerm inne i kyrkjerom-
met. Kom og syng! :-)

Søn. 30. kl. 18.00 - Ådland
Lysmesse

Desember

Søn. 7. kl. 11.00 - Haga
Gudsteneste
Nattverd

Søn. 7. kl. 19.00 - Haga
Julekonsert
med Trengereidkoret og
Strandebarm Songlag

Tirs. 9. kl. 19.00 - Haga
Kro

Søn. 14. kl. 17.00 - Ådland
Julekonsert
med lokale krefter

mitt vers

Sjå på fuglane under him-
melen! Dei sår ikkje, dei
haustar ikkje og samlar
ikkje i hus, men Far dyk-
kar i himmelen, gjev dei
føde likevel. Er ikkje de
mykje meir verdt enn dei?
Matt. 6,26.

FN-dag på skulen

FN-dagen hadde KOMPIS loppemarknad og kafe på barneskulen til inntekt for skuleprosjektet vårt i Zambia. Elevar og lærarar hadde med seg leikar, bøker, dvd'ar, nips og anna som vart seld. Elevar, foreldre og besteforeldre stod i kø då dørene opna kl. 12 og lopper, boller og kaker vart fort utselt. Det var også lotteri og "snopeglass-tipping".

Dei 44 elevane som går på KOMPIS i Haga kyrkje kvar onsdag, stod for arrangementet, og gjorde ein strålende innsats med tillaging, sortering og sal. Me fekk inn 10.864 kr!! Tusen takk til ivrige KOMPISAR og alle som kom og var med oss. Særleg takk til skulen som var villig til å ha dette som si markering av FN-dagen også i år!



KONFIRMANTAR I FRILUFT



Vemund, Odin, Andrine, Arne Olav, leiar Per Magne og Helene ber kanoen ned til vatnet. Så vert det padling .

Jau visst vart det fisk å grilla, men litt pølser var og kjøpt inn, slik i tilfelle... Odin grillar.

I år kan konfirmantane ta del i ulike grupper, i tillegg til undervisning og kro som er det dei vanlegvis driv med i kyrkja på Haga. Det er ei idrettsgruppe, ei mediagruppe og ei som driv med friluftsliv Her får me vera med friluftsliv-gruppa på deira første samling som gjekk føre seg ved Frølandsvatnet. Dei hadde både båtar og kano, fiska og grilla. Gruppa er eit samarbeid med Samnanger Jeger- og fiskelag.



frå kyrkjeboka



Døypete

7.9.

- Tilde Steinsland
- Jonathan Tømmerbakk Erstad
14.9.
Andreas Brekkhus Totland
28.9.
Adrian Fiksen-Haaland
5.10.
Johannes Henriksen
12.10.
Carl-Otte Kavlie



Vigde

11.10.

Øystein Birkeland og
Bente Bjørnås



Døde

20.8.

Terje Audun Høysæter
31.8.
Andreas Gjerde
26.9.
Anna Tveiterås

Under er heile gjengen samla utanfor lavvoen dei sette opp.

Foto: Fred Morten Ervik